



KOPI

Modalen kommune  
Postboks 44  
Mo 3  
5729 MODALEN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 21/1279 - 23/2691

Saksbehandlar:  
Tore Henrik Øye  
tore.henrik.oye@vaksdal.kommune.no

Dato:  
27.03.2023

## Tildeling av ervervsløyve for oppdragskøyring med snøskuter; Haugen - Haugastølen - Lavikstølen m. fl. i Eksingedalen

**Delegeret vedtak. Saknr: 04/2023**

Vaksdal kommune viser til dykker søknad om ervervsløyve for oppdragskøyring med snøskuter, dagsett 27.02.23. Sakshandsaming går fram av det følgjande.

### Saksframstilling:

Vaksdal kommune tildeler ervervsløyve for transportoppdrag med snøskuter for 5-årsperioden 2022-2026. I dette høvet søker Einar Trefall om løyve for å kunne tilby køyring av utstyr, materiell og andre tenestetilbod som inngår i ervervkøyring.

Haugen i Eksingedalen skal vere utgangspunktet for transporten, og køyring vil i hovudsak gå føre seg langs følgjande trasear, jf. vedlagt kart:

- Haugen – Lavikstølen
- Haugen - Fagerdalen – Haugstølen – Skjerjavatnet

I følgje søknaden vil køyring til hytter i området og transport av saltstein til beiteområde i Stølsheimen landskapsvernområde, utgjere dei mest aktuelle oppdraga.

Søkjar driv gard med mjølkeproduksjon og sauehald på gbnr. 59/1 Haugen, og er busett på eigedomen. I følgje søknaden vert ervervkøyring sett på som tillegg til sjølve gardsdrifta.

Det vert søkt om løyve for følgjande snøskuterar:

- Yamaha RS Viking med slede - registreringsnummer TF 9918

- Polaris RMK med slede – registreringsnummer TH 2454

Søkjær er sett opp som hovudførar, med bruk av følgjande førarar ved behov:

- Magnus Trefall, Ole Andre Eikefet og Jørgen Bergo.

#### **Lovgrunnlag/rammer/planar:**

- «Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselloven)».
- «Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag».
- «Rundskriv T-1/96 - Om lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag ....».
- Kommunale retningsliner for handsaming av saker om motorferdsle i utmark, vedtekne av kommunestyret i Vaksdal kommune.
- Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde 2016 – 2027.

#### **Saksvurdering:**

I følgje § 5 bokstav a) i «Forskrift om bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag», kan kommunen etter skriftleg søknad gje fastbuande løyve til å nytte snøskuter ved oppdragskjøring. Slike løyve er knytt til følgjande tenester:

- Transport av varer/materiell og liknande mellom bilveg og hytte.
- Tilsyn med privat hytte.
- Transport av massemedia på reportasjeoppdrag.
- Transport av funksjonshemma.
- Transport av ved.
- Transport ved dispensasjon i medhald av § 6 i nemnde forskrift.
- Transport med heimel i forskrifta om motorkøyretøy § 3 (.. ved frå eigen eigedom til eigen bustad, materiell/ utstyr/arbeidsfolk etter byggjeløyve, preparering av skiløyper m.m.), sjå formuleringa i paragrafen.

Søkjær innfrir kravet om å vere busett lokalt, og intensjonen om at ervervskjøring skal utgjere eit tillegg gardsdrifta.

Det ligg fleire hytter i planlagt køyreområde. I dette høvet vil det høgst truleg vere behov for transporttilbod for frakt av ulikt materiell, og det er ingen som har ervervsløyve frå før i området. Samstundes vil ei tildeling av løyve, leggje til rette for eit organisert tilbod.

Transport av saltsteinar til beiteområde i fjellet vil skje etter oppdrag frå beitelaga. I følgje vedlagt kart til søknaden, ligg dei fleste leveringspunktene i Stølsheimen landskapsverneområde, som i hovudsak ligg utanfor Vaksdal kommune. Køyring innanfor kommunen i samband med dette føremålet, vil soleis utgjere ein transportetappe.

Ei tildeling av ervervsløyve frå Vaksdal kommune vil berre inkludere areal i kommunen, og ikkje

gjelde køyring i andre kommunar eller innanfor verneområdegrensene til Stølsheimen landskapsvernombordet. Køyring i verneområdet må avklarast med verneområdestyret, og tilpassast gjeldande vernereglar.

## OFFENTLEGER PLANAR MED RETNINGSLINER OG OMSYNSSONER

Delar av det aktuelle køyreområdet ligg innanfor Fjellheimen villreinområde. I dette høvet har den interkommunale kommunedelplanen for området, retningsliner for motorferdsle i utmark, jf. punkt 9, med omsynssoner (OM560 og OM560\_2). Planen seier at det må utøvast ein restriktiv praksis ved tildeling av løyve til motorferdsle, og at løyve bør organiserast som leigekøyring etter faste trasear. Dette vert tilfelle i gjeldande sak, og Kommunedirektøren vurderer at ei tildeling av ervervsløyve til sokjar, ikkje vil bryte med retningslinene i planen. Likevel må ved alle køyring, takast omsyn til villreinen i området.

## VURDERING ETTER NATURMANGFALDLOVA:

Søknaden er vurdert etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12, jf. § 7.

Kjeldesøk i Naturbase og Artskart viser at tiltaksområdet utgjer leveområde for villrein. Villrein er ein raudliste art som krev spesielt vern. Det er også registrert raudlista artar av ulike vegetasjon, samt «kalkrike område i fjellet» (viktig naturtype). Desse registreringane vil ikkje bli råka av køyringa det vert søkt om.

På bakgrunn av tilgjengeleg informasjon, vert kunnskapsgrunnlaget i tiltaksområdet sett på som tilstrekkeleg for å fatte avgjerd i saka (jf. § 8) I dette høvet er villreinen spesielt utsett for forstyrring, særleg om vinteren - og fram mot kalving. Dette set spesielle krav til varsemd, mellom anna ved motorferdsle. På bakgrunn av tilgjengeleg kunnskap om reinen sitt levesett, og høvet for å knyte vilkår til ervervsløyet, vert det likevel ikkje vurdert som naudsynt å avslå søknaden ut frå «føre-var-prinsippet» (jf. § 9).

Planlagt bruk av snøskuter i samband med ervervkøyring, vert ikkje vurdert å påføre skade på naturmangfaldet (jf. § 11), eller kome i konflikt med kravet om å nytte miljøforsvarlege metodar (jf. § 12).

## FRILUFTOMRÅDE:

Ervervkøyringa vil finne stad i det kartfesta friluftområdet «Beinhelleren - Blåvasshorgi». Det vil kunne vere skiløparar i området i køyreperioden. Men transporten det vert søkt om løyve til, vert ikkje vurdert å verte til vesentleg sjanse for friluftslivet i området. Det må likevel visast naudsynt omsyn ved transport.

## VEDTAK:

I medhald av «Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag» § 5 bokstav a, jf. § 1, får **Einar Trefall** løyve til ervervskøyring med snøskuter. Transporten skal vere knytt til oppdrag som inngår i ervervskøyring etter nemnde paragraf.

Godkjend køreruter er vist på kart som føl vedtaket. Løyvet gjeld til og med 2026.

*Løyvet gjeld berre grunn i Vaksdal kommune, og ikkje i Stølsheimen landskapsvernområde.  
Eventuell køyring i verneområdet må avklarast med Stølsheimen verneområdestyre.*

Løyvet er knytt til følgjande snøskutarar med løyvenummer:

- \* Yamaha RS Viking med slede – registreringsnummer TF 9918 - løyvenummer **22**.
- \* Polaris RMK med slede – registreringsnummer TH 2454- løyvenummer **23**.

Namngjevne personar i søknaden er godkjende som førarar, under føresetnad av dei har sertifikat på snøskuter (klasse S) etter gjeldande reglar. Dette gjeld også for hovudførar.

Med heimel i § 7 første og andre ledd i forskrifta, vert det sett følgjande **vilkår** for løyvet:

- \* Ervervsløyvet er berre gyldig når løyvehavar har fått køyreoppdrag.
- \* Tilsendt løyvemerke frå kommunen skal plasserast godt synleg på skuterane som inngår.
- \* Førar(ar) som ikkje hadde førarkort frå før 1. juli 2006, må ha førarkort klasse S.
- \* Løyvehavar skal til kvar tid velje den best eigna traseen for aktuelle oppdrag.
- \* Ervervskøyring frå og med 10.04, må ikkje gjennomførast dersom det ligg føre kunnskap om at det er reinsdyr i køyreområdet.
- \* Det må visast omsyn til naturmiljø, dyreliv og menneske.
- \* Det må liggje føre samtykke frå aktuelle grunneigarar før ervervskøyring vert gjennomført.

#### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på etter forvaltningslova §§ 28. Klagefristen er 3 veker frå den dato de vart gjort kjend med vedtaket, jf. § 29. Klagen skal vere skriftleg, og må grunngjenvæst. Klagen skal rettast til Statsforvaltaren, men sendast til kommunen.

#### Med helsing

Stian Reime  
Einingsleiar samfunn

Tore Henrik Øye  
Rådgjevar landbruk

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

#### Vedlegg:

Godkjend trase erverskøyring med snøskuter i Eksingedalen. Einar Trefall

**Vedlegg:**

LEVERINGSPUNKT FOR SALTSTEIN

**Kopi til:**

Modalen kommune, Vik  
kommune, Voss Herad

**Mottakarar:**

Einar Trefall

Fjellangervegen 151

5728

Eidslandet